

# Årsmelding 2013-14 frå styret i BUL Molde

---

## 1 Oppsummering, tillitsvalde m.m.

### 1.1 Meldingsår

1.11.2013-31.10.2014.

### 1.2 Styret og arbeidsutvalet

Styret er samansett av arbeidsutvalet (AU) og ein styremedlem som representerer hyttenemnda. AU har ansvaret for den daglege drifta, og har hatt som mandat å halde i gang leikøvingane på Reknes ungdomshus.

Leiar: Lars Staurset.  
AU-medlemmer: Randi Reppe Bell, Bente Myklebust og Byrge Fitje.  
AU-varamedlemmer: Kirsten Aure og Marte S. Trondsen.  
Styremedlem: Sylvfest Bell.

Styremøte: 8.1.14 og 14.8.14.  
AU-møte: 7.11.13.

Orienteringssaker og enkle saker har i stor grad vore behandla pr. e-post. Det same gjeld saksførebuingar til møta.

### 1.3 Andre tillitsvalde

Revisorar: Arild Jacobsen med vara Frøydis Austigard.  
Bente Dyrnes Aarø med vara Atle Bell.  
Rekneskapsførar: Arild Horrstad (engasjert av styret).  
Valnemnd: Randi Irene Sylta og Torill Steien.

### 1.4 Organisasjonsnummer

993 469 467.

### 1.5 Medlemmer pr. 31.10.14

Medlemstal: 34 + 3 gjestemedlemmer.  
Av desse under 26 år: 4.

## 2 Aktivitet i laget

### 2.1 Leikøvingar

Instruktør: Irene Møllersen Bell.  
Øvingstid: Onsdagar kl. 19.30-22.00.  
«Kaffipengar»: 20 kr.  
November 2013: 4 leikøvingar.  
Januar-april 2014: 15 leikøvingar.  
August-oktober 2014: 9 leikøvingar.

Spesielle øvingar, medrekna i tala ovafor:

2.10.13:	Besøk i Isfjorden til Rauma leikarring og Rauma spelemannslag.
12.2.14:	Gjester frå nabolaga, fellesøving i rekkedans.
18.3.14:	Besøk i Isfjorden til Rauma leikarring og Rauma spelemannslag.
1.10.14:	Gjester frå nabolaga, fellesøving i rekkedans.

Besøk i Rauma er på tysdagar, som er øvingsdagen der. Ved desse tilfella har BUL avlyst leikøvinga på onsdag.

Instruktøren har i førekant av kvar sesong laga eit programark med tema for kvar leikøving. Dette programmet har ho brukt som rettesnor, men tilpassa kvar øving til frammøtet og andre omsyn.

Frammøtet har vore godt på leikøvingane, vanlegvis 14-20 dansarar, og endå fleire på kveldane med gjester. Kjønnbalansen er betre enn før, somme gonger perfekt, og ikkje minst: Nokre (1-4) ungdommar med bakgrunn i Barneleikarringen går på øvingane i BUL. Stemninga på øvingane er svært god, og dansarane lærer mykje av ein dyktig og svært tolmodig instruktør.

Dei utanlandske dansarane har ikkje møtt opp meir, bortsett frå eitt tilfelle. Dei har nok flytta frå Molde, og vi har ikkje greidd å rekruttere nye frå det miljøet.

## **2.2 Hyttehelg avlyst**

AU planla ei hyttehelg med lokale dansar 13.-14. april 2013, seinare utsett til 1.-2. februar 2014, med Anna Gjendem som instruktør og Britt Elise Skram som spelemann. Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) innvilga støtte. Dessverre måtte arrangementet avlysast p.g.a. manglande arbeidskapasitet.

## **2.3 Julekurs og juledans**

Også i romjula 2013 var det juledans med kurs i Reknes ungdomshus. BUL var med som formell arrangør, men drivkrafta var som vanleg BUL-medlem (og mykje anna) Anna Liv Skjelten Gjendem. Datoen var 27. desember 2013.

Før sjølve dansekvelden var det kurs: Bortimot 30 dansarar fekk lære Polsdans frå Nordmøre frå grunnen av. Kurshaldar var Kirsty McKinnon, som har budd på Tingvoll i mange år og har tradisjon derifrå. Runhild Heggem frå Osmarka spela til. Før det att heldt Kine Iselilja Gyldenskog songkurs i polstakt og andre takter.

## **2.4 Informasjon**

Bygdaliv på nett har vore i drift i snart 11 år. Som før blir nettstaden <http://bulmolde.no> oppdatert etter dei fleste leikøvingane, og elles når det hender noko interessant. Sesongstart og spesielle arrangement blir i tillegg varsla med e-post til ca. 80 personar. Lars Staurset er redaktør og legg ned mykje arbeid i dette.

Bygdaliv har ei nokså enkel utforming, basert på ei primitiv teknisk plattform (rein html). Dette burde det ha vore gjort noko med, også for å tillate andre enn redaktøren å skrive der.

Også til desse to sesongane har BUL hatt ei brosjyre med invitasjon til dans, program og nokre andre opplysningar. Brosjyra kunne nok ha vore spreidd meir.

## **2.5 BUL-hytta**

Sjå eiga årsmelding frå hyttenemnda.

## **2.6 Jul i Romsdal**

Jul i Romsdal er nedlagt eller lagt på is, og det var derfor ikkje noko sal hausten 2013.

## **2.7 Nordmøre og Romsdal Ungdomslag**

Romsdal Ungdomssamlag arbeider tungt, og har ei tid arbeidd med å slå seg saman med Nordmøre Ungdomslag. BUL har stilt seg positiv til samanslåing.

27. august sende dei to fylkesstyra ut eit forslag til namn og vedtekter, med uttalefrist 3. november. BUL hadde pr. 31. oktober enno ikkje svara, men eit svar var under arbeid.

## **2.8 Samarbeid med andre lag**

Uavhengig av fylkeslaga har BUL eit godt samarbeid med Sylte og Malme UL (SMUL), Lyngstad Leikarring og Rauma Leikarring. Dansarane går ofte på øvingar hos kvarandre, og somme er dobbelt- eller trippelmedlemmer.

Laga reiser gjerne på tur saman, men i 2013-14 var det ingen store reiser. I 2015 skal det vere Nordlek i Viborg i Danmark, og mange vil nok ta turen dit.

## **2.9 Reknes ungdomshus**

Den daglege drifta av huset er ikkje lenger BUL sitt ansvar, men BUL har ei hand på rattet gjennom vedtektene og samarbeidsavtalen med selskapet Reknes Ungdomshus. Husstyret har lova å gje BUL ei orientering før årsmøtet 3.12.14.

## **2.10 Arbeidskapasitet**

Somme AU-medlemmer slit med langvarig sjukdom. Det reduserer arbeidskapasiteten, og går ut over rekruttering og fordjupingsarrangement (hyttehelg og slikt).

## **3 Sluttord**

Styret rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som er lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar. Styret reknar arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane til 110 dagsverk. Dette talet er ein del lågare enn i førre årsmelding, men det er uvisst om nedgangen er reell. Ingen fører timelister, og overslag i ettertid blir nokså usikre.

Lars Staurset

Bente Myklebust

Byrge Fitje

Randi Bell

Sylvfest Bell